

7 Pleie og omsorg

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
		2022	2022	2022	2022
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	1 330	1 428	-	3 288
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	3 632	3 688	3 688	3 275
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	1 170	1 605	1 605	1 036
2412	PSYKISK HELSEVERN	2 502	2 700	2 700	2 432
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	1 817	1 581	1 581	1 571
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	9 762	9 484	9 484	9 491
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	371	402	402	345
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	55 765	50 209	47 329	50 823
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	13 919	12 122	10 772	10 101
2543	AVLASTNING	16 501	17 842	17 842	14 778
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	6 942	8 302	7 202	5 111
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	11 411	9 825	9 825	9 671
2546	GISKE OMSORGSSENTER	30 590	26 563	26 563	27 390
2547	Godøy Bukollektiv	9 107	8 253	8 253	7 818
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	34 881	28 199	27 449	29 059
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	549	1 179	1 179	848
2650	OMSORGSBUSTADAR				4
Sum gruppeansvar: 7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL		200 249	183 381	175 873	177 041

Tenestene innan ramme 7 vert ytt av Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt, Valderøy omsorgsdistrikt, eining Meistring og psykisk helse. I tillegg ligg eit ansvarsområde knytt til avdeling smittevern, utskrivingsklare brukarar og øyeblikkelig hjelp døgntilbod (ØHD).

Økonomi

Rekneskapet viser eit samla meirforbruk på kr 24,3 mill i ramme 7 ut frå opprinneleg budsjett, ut frå endra budsjett eit meirforbruk kr 16,8 mill. Ramme 7 fekk eit meirforbruk knytt til koronainnleige og avtale inngått med KS med kr 6,5 mill. Kostnaden var lagt til staten å dekke. Inndekkinga til kommunen kom så seint på året at ein ikkje rakk å gjere budsjettendring. Kommunen fekk inntekta, men den vart ikkje overført til ramme 7. Pensjonskostnader og -inntekter kom seint på året. Kostnadane vart lagt til rammeområda, medan inntektene vart lagt til ramme 3. Sjå meir informasjon under ramme 3.

Om ramme 7 hadde fått budsjettendring for koronautgifter og pensjon, ville resultatet sett heilt annleis ut.

Ramme 7 hadde driftstiltak på om lag kr 8 mill i 2022, Leanprosjekt pleie- og omsorgstenester i takt med framtida.

Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 vart vedteken i Giske kommunestyre juni-22. Det vart lagt ned eit omfattande arbeid med god representasjon. Det vart gjennomført folkemøte, workshop og alle partar fekk høve til å medverke i arbeidet.

Følgjande startegiar vart vedteke:

- Heilskapleg bustadpolitikk for helse, meistring og trivsel
- Heilskapleg tenesteutvikling
- Samskapingskommunen Giske

Sjå strategien her: [strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf \(giske.kommune.no\)](https://giske.kommune.no/strategi-bu-og-tenestetilbod-helse-og-omsorg-2050.pdf)

Kommunen har jobba intenst gjennom leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, for å operasjonalisere strategiane og iverksette tiltak som skulle få effekt allereie i 2022 og vidare i åra som kjem. Kommunen har arbeidd ut at dekningsgrad for heildøgn somatikk er 16,5%, ein nedgong frå 21%. Dette utgjør bruk av inntil 60 heildøgns plassar ved omsorgssentra. Kommunen har utarbeidd tydelege tildelingskriterier, der ein no tildeler tenester etter behov og ikkje fordi kommunen har ledig kapasitet. Likeverdige behandling av innbyggjarane har stort fokus i dette. Tildelingskriterier er også utarbeidd for heimebaserte tenester, heildøgn psykiatri/rus og ambulant tenester. I leanprosjektet vert det arbeidd med områder som pasientflyt og samhandling, turnus og vaktinnleige, turnus, organisering, døgnrytme. Leanprosjektet skal arbeide med alle tre brukargruppene, andre i hovudsak eldre, psykiatri/rus og mennesker med nedsett funksjonsevne.

Einingane har arbeidd kontinuerleg med å justere drifta etter kvart det har kome til ikkje budsjetterte utgifter. Likevel dekkjer ikkje tiltaka dei auka utgiftene. Kommunestyret vart gjennom heile 2022 informert om dei økonomiske utfordringane som låg i ramme 7. Nye ressurskrevjande brukarar som er kome til i år som ikkje er budsjettert for, er og vil framover bli ein stor økonomisk risiko for kommunen. Høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar har ført til auka bruk av overtid. Overbelegg og kompliserte brukarsituasjonar har ført til auka behov for ekstra personell ut over normal bemanning. I tillegg har vi i enkelte tenester utfordring med å rekruttere kompetanse og generelt personell.

Giske kommune gjennomførte ei økonomisk kartlegging av pleie og omsorgstenestene i januar 2022, utført av Agenda kaupang. Dette gav grunnlagsinformasjon til Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Rekneskap 2021 vart lagt til grunn. Kartlegginga har gitt kommunen god dokumentasjon som vi må nytte vidare i arbeidet for å møte framtida sine utfordringar på best mogleg måte. Om vi fortset å yte pleie og omsorgstenestene som i dag er det venta ein vekst i behov for pleie og omsorgstenester dei neste 30 åra med om lag 150%.

Dei frie inntektene til Giske kommune er lavare enn landsgjennomsnittet, det betyr at kommunen må bruke mindre ressursar enn andre kommunar. Giske kommune har ein lavare andel innbyggjarar under 67 år og over 80 år. Behovsnøkkelen innan pleie og omsorg er lav. Behovsnøkkelen for psykisk utviklingshemma er lav, dette omhandlar innbyggjarar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemma som mottar helse- og omsorgstenester. Giske kommune har netto driftsutgifter innan pleie og omsorg som ikkje samsvarer med dei frie inntektene kommunen får. KOSTRA-nøkkeltal 2021, viser at Giske kommune har lavare netto kostnader enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 1 og lavare enn snittet i Noreg. Grunna at vi er ei lavinntekstkommune, må kostnadane til kommunen vere lave.

Giske kommune har ei høg bustadgjering av tenestene og lav ressursbruk inn i dei tidlege trinn i omsorgstrappa. Giske kommune har lav andel sjukeheimplassar med forholdsvis lav kostnad. Kommunen si samla utgift til eldre er lav. Dekningsgrad innan tilbod om bustad med moglegheit for døgnteneste er høgare enn samanliknbare kommunar. Kostnadane er høgare enn samanliknbare kommunar. Giske kommune har høge driftsutgifter til barn og unge med utviklingshemming. Hovudvekta av utgiftene vert nytta i barnebustad. Vi har få plassar og lav bemanning i avlastning institusjon barn og unge under 18 år. Bruttoutgiftene oppleves å vere høge og hovudvekta vert nytta på tenester i bustad.

I underkant av 60% av utgiftene til pleie og omsorg vert brukt på brukargruppa andre i hovudsak eldre. 35% av utgiftene til denne målgruppa går til ulike bustadtilbod med moglegheit for døgntenester. I 2021 gjekk rundt 34% av utgiftene innan pleie og omsorg til mennesker med psykisk utviklingshemming. Hovudvekta vart nytta til vaksne. I underkant av 6% av dei totale utgiftene innan pleie og omsorg vart nytta til mennesker med psykiske helseplager og rusrelatert sjukdom.

Giske kommunestyre har vedteke driftstiltak på kr 22 mill for ramme 7 i 2023. For at Giske kommune skal klare å levere lovpålagte tenester i tida framover, vert framhald i leanprosjektet Pleie og omsorgstenester i takt med framtida, som starta opp i 2022, svært viktig.

Mål og resultat

Utfordringar/mål	Kva er gjort	Resultat/effekt 2021
Utvikle dagtilboda både ved Giske omsorgssenter, Vigra omsorgssenter og Kingelveven	Utvikling av dagtilboda vert kontinuerleg arbeid med.	Kontinuerleg arbeid
Sikre framtidig bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege utfordringar	Det vert kontinuerleg arbeid med å yte lovpålagde tenester. Prosjekt BTS, Betre tverrfagleg samhandling.	Kontinuerleg arbeid
Imøtekome vekst tal brukarar innan psykisk helse og rustenesta. Auke kompetanse og bruk av velferdsteknologi	Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Leanprosjekt Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Det vert arbeid med igongsetting av tiltak for å dreie tenestene mot meir ambulant tenester og brukar skal i større grad bu heime og få tenester der. Dekningsgrad heildøgn 5 plassar. Oppretting av ambulant teneste. Ny driftsform Løkevegen bufellesskap 27.mars-23.	Arbeid leanprosjekt Pleie og omsorgstenester i takt med framtida pågår.
I møtekomme veksten innan omsorg, tal brukarar og tal tenester innan tildelt budsjett	Giske kommune følgjer vedteken plan, Strategi Bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050. Leanprosjekt: Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Dekningsgrad heildøgn somatikk 16,5 %, inntil 60 heildøgns plassar. Bygge opp heimebasert teneste til å handtere fleire brukarsaker i eigen heim. Tildelingskriterier heildøgn og heimebasert/ambulant teneste. Samle korttidsbehandling på ei avdeling. Reindyrke langtid og korttid. Korttid demens på Vigra.	Målet er delvis nådd. Under arbeid. Kontinuerleg arbeid. Mål om dekningsgrad 16,5 % er nådd.
Sjukefråvær 7 %	Det er arbeid kontinuerleg med oppfølging av den sjukmelde. Iverksett nærverkstiltak. Omstillingsarbeid oppleves krevande for tilsette og leiarar, dette påverkar også nærværet. Samla fråvær i einingane: 10,2%.	10,2 %. Målet er ikkje nådd
Gjennomføre kompetansehevingsprosjekt: ABC demens og PRO-Act. Elles auke kompetanse på dei områda som treng særleg fokus.	Tilsette er i gong med kurspakke innan ABC-demens. Auke kompetanse i høve vald, truslar og utfordrande adferd. Vergekurs.	Målet er nådd. Kontinuerleg arbeid.

Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse som sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar. Vi klarer å rekruttere gode leiarar.	Store vanskar med å rekruttere sjukepleiarar i ledige stillingar innan alle tenester i pleie og omsorg, særleg utfordrande å rekruttere sjukepleiarar til Vigra omsorgssenter og Godøy omsorgssenter.	Eit kontinuerleg arbeid. Målet er ikkje nådd ved alle avdelingane.
Redusere ufrivillig deltid. Heiltidskultur	Auke i stilling til fleire som har redusert stilling.	Målet er delvis nådd. Dette er eit kontinuerleg arbeid.
Ta i bruk dei velferdsteknologiske verktya fullt ut. Gi tilsette nødvendig kompetanse innan området.	Prosjekt velferdsteknologi og prosjekt MiSu. Styringsgruppa har 4-5 møter i året. Leiarane er tett på arbeidet. Etablert ressursperson velferdsteknologi i alle einingar/avdelingar. Koordinator for velferdsteknologi 50 %, velferdsteknikar 100%. Elektrisk dørlåsar, smarte dører for demente har stor effekt i tenestene. Det er sett ned ei delprosjektgruppe som skal jobbe med velferdsteknologi til barn og unge med særlege behov.	Dette er eit kontinuerleg arbeid.
Kostnad for inneliggjande pasientar i Helseføretaket skal ikkje overstige budsjett	Budsjett 460 000. Rekneskap kr 270 000. Mindreforbruk kr 190 000	Målet er nådd.
God økonomistyring	Rekneskapet syner eit meirforbruk kr 16,8 mill, korrigert for ikkje overført inntekter korona kr 10,3 mill. Pensjonsinntektene, som kom seint på året, vart ført på ramme 3. Desse ville redusert meirforbruket ytleigare.	Målet er ikkje nådd

Tal brukarar innan helse og omsorg 2010 -2022

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Brukarar med tenester	448	462	448	466	500	510	531	734	878	946	951	929	1024
Tal tenester	1560	1690	1760	1923	2185	2185	2506	2820	3199	3626	3675	3716	4212
E-meldingar	0	0	0	2283	9201	13 097	14 186	14 374	14 374	16 605	18 346	21 535	21 185

Tal brukarar på tenesteområde

Tenesteområder	Tal brukarar 2019	2020	2021	2022
Storkjøkkenet	182	192	178	184
Heimesjukepleie	307	321	300	299
Brukarstyrt personleg ass. (BPA)	8	9	10	11
Aktivering av eldre og funksjonshemma, dagtilbod	70	59	51	61
Praktisk bistand	211	215	187	188
Bukollektiv korttid/langtid	98	134	105	109
Rehabilitering	44	35	36	35
Psykisk helse og rusteneste	259	263	230	291
Kingelven	13	13		13
Løkevegen bufellesskap	13	13	12	14
Avlastning barn	13	15	12	19

Støttekontakt	63	60	58	59
Bufelleskap for funksjonshemma	14	15	15	15
Institusjon	11	13	11	11
Avlastning eldre	5	4	1	7
Psykisk helse barn/unge	103	73	59	95

Tal brukarar og gjennomsnittleg timetal denne dagen

Teneste	25.10.2021	31.12.2021	14.10.2022	31.12.2022
Brukarstyrt personleg assistanse brukarar	10	10	11	8
Timetal per veke	359 timar	359 timar	361 timar	279 timar
Praktisk bistand/opplæring brukar	117	122	112	104
Praktisk bistand/opplæring timetal per veke	2 378 timar	2 716 timar	2 308 timar	2 267 timar
Heimesjulepleie brukarar	150	200	219	214
Heimesjulepleie timetal per veke	2 114 timar	2 202 timar	2 113 timar	1 822 timar

Bærekraftsmål

Bærekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uavhengig av alder. Hindre smittsomme sjukdommar, korona, har vore arbeidd mykje med også i 2022. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Statsforvaltar, Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte.

Bærekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Det er eit tett samarbeid mellom helse- og omsorgstenestene, NAV, oppvekst, og andre aktuelle tenester, Helseføretaket og andre kommunar. Samarbeidsprosjekt som TALK og Betre tverrfagleg innsats (BTS). Giske kommune har eit godt samarbeid med legesenteret for å yte best mogleg samanhengane tenester.

Kostra, omsorg 2022

Nøkkeltal	Enhet	Giske	Kostragruppe 1	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr.innbyggjar	kr	33 521	35 762	34 500
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar	Årsverk	270,2	341,1	322,0
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunen sin samla netto driftsutgifter	%	36,9	35,9	34,6
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta med helseutdanning	%	79,7	79,2	78,0
Årsverk per brukar av omsorgstenester	Årsverk	0,82	0,51	0,58
Andel innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester	%	31,1	30,8	27,9
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	%	33,0	50,5	49,0
Andel innbyggjarar 80 år og over som bur ved institusjon	%	1,6	9,3	10,4
Andel brukartilpassa einrom med eige bad/wc	%	100	94,9	93,6

Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon	kr	4 353	4 421	4 752
Andel innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	%	1,38	0,87	0,70